



Dirigent

Austrheim kulturskule

Søk på stillinga [↗](#)

Austrheim kulturskule har ledig ei stilling i 15,38 % som dirigent for Kaland Skulemusikklag, frå 01.08.2023.

Austrheim Kulturskule sin visjon er utvikling gjennom skaping, formidling og oppleving av kunst og kultur. Kulturskulen sel dirigent-tenester til korpsa i Austrheim kommune, og vi søker no etter ny dirigent til Kaland Skulemusikklag.

Kaland Skulemusikklag er eit brasskorps i 3. divisjon. Dei siste åra har korpset samarbeidd med Lindås Skulekorps, og har hausta gode resultat i både NM og korps-konkurransar.

📅 Søknadsfrist:	16.06.2023	👥 Stillingar:	1
📅 Arbeidsgivar:	Austrheim kommune	🕒 Heiltid / Deltid:	Deltid
📍 Stad:	Austrheim	📅 Tilsetjingsfor...:	Fast
👤 Stillingstittel:	Dirigent	% Stillingsprose...:	15,38
📌 Webcruiter-ID:	4676168657		
📅 Startdato:	01.08.2023		
🔗 Sosial deling :	🐦 in f ✉		

Arbeidsoppgåver

Dirigent og musikalsk leiar for Kaland Skulemusikklag

Sørgje for forsvarleg, god og kvalitetssikra opplæring av korpset sine medlemmar i heile medlemsperioden

Gjennomføre øvingar, seminar, konsertar og andre arrangement i tråd med vedtekne verdiar, målsetjingar, planar og strategiar

Utvikle korpset og medlemmar i tråd med korpset sine vedtekne målsetjingar, planar og strategiar

Kvalifikasjonar

Minimum 3-årig høgare utdanning innan musikk

Praktisk pedagogisk utdanning (PPU) eller anna relevant pedagogisk utdanning er ønskjeleg

Direksjonsutdanning eller erfaring med direksjon av born og unge

Søkjalar utan formell utdanning, men med relevant arbeidserfaring eller bakgrunn kan verte vurdert

Gode ferdigheiter i norsk, både munnleg og skriftleg

Personlege eigenskapar vil verte vektlagt

Gyldig politiattest må leggjast fram før tilsetjing

Personlege eigenskapar

Vi søker ein dirigent som:

Er engasjert og motivert

Er positiv i møte med elevar og kollegaer

Har evne til å byggje opp eit korps

Kan tilpasse undervisning for å motivere elevane uansett nivå

Har gode samarbeids- og kommunikasjonsevner med elevar, styre og føresette

Vi tilbyr

Eit godt arbeidsmiljø og hyggjelege kollegaer

Tilsetjing skjer etter gjeldande lovar, reglar og tariffavtalar

**Austrheimsvegen 1009, 5943 Austrheim,
Norge**



[Opne vegbeskriving](#)

Kontaktinformasjon



Elisabeth Jensen Risnes

Kulturskuleleiar

☎ 98822075

✉ elisabeth.jensen.risnes@austrheim.kommune.no

Austrheim kommune (ca. 3000 innb.) Tett på Bergen og industrieventyret på Mongstad, er utgangspunktet for utvikling av framtidskommunen til stades. Naturen og kulturen i det særprega kystsamfunnet er kanskje det viktigaste grunnlaget for gode liv i Austrheim - både om du flyttar hit for ein spennande jobb, eller om du ynskjer å vere med å skape livskvalitet for dei som allereie bur her. Austrheim inviterer deg til opne landskap - med eit ope sinn!

